



MØTEPROTOKOLL

Utval: Tenesteutval for oppvekst og kultur

Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus

Dato: 13.03.2019

Tid: 13.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rebecca Riise Bjerknes	Leiar	SP
Anne Lise Fredly	Medlem	AP
Henning Holsvik	Medlem	KRF

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Per Svein Krøvel	Nestleiar	H
Alf Jakobsen	Medlem	SV
Inghild Liv Remøy	Medlem	MDG
Edvin Dale	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Idar Flo	Alf Jakobsen	V
Anne-Grete Eiken	Inghild Liv Remøy	AP
Eiliv Halkjelsvik	Edvin Dale	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Ivar Kongsvik	oppvekstsjef
Siri Birkeland Solheim	prosjektleiar, eigedom



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 9/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 10/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 11/19	Samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular
PS 12/19	Volda ungdomsskule - Vidare prosess
PS 13/19	<u>Orienteringssaker</u>
OS 14/19	Innkalling og referat frå møte i SU Vikebygda skule 24.01.19
OS 15/19	Referat frå møte i Samarbeidsutvalet ved Bratteberg skule den 06.02.19
OS 16/19	Referat Samarbeidsutvalet, møte 07.02.19 - Øyra skule
OS 17/19	Referat frå møte i SU Volda ungdomsskule 31.01.19. Off. variant
OS 18/19	Samarbeidsmøte 21.01.19 - SU Engeset barnehage
OS 19/19	Referat frå SU-møte i Oppigarden 15. januar 2019
OS 20/19	Melding om politisk vedtak - Val av nye varamedlemer i kontrollutvalet
OS 21/19	Melding om politisk vedtak - Økonomistyring 2019
OS 22/19	Orientering. Møteprotokoll 05.12.2018 – Ungdomsrådet
OS 23/19	Orientering. Møteprotokoll 16.01.2019 – Ungdomsrådet
OS 24/19	Orientering. Møteprotokoll 13.02.2019 - Ungdomsrådet



VOLDA KOMMUNE

PS 9/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Ved møtestart er det seks møtande medlemer og varamedlemer tilstades.

FAU-leiar ved Volda ungdomsskule, Morten Ottesen, ynskjer å sei nokre ord til tenesteutvalet i sak 12/19 Volda ungdomsskule – vidare prosess, om det er greit for utvalet.

Røysting:

Tenesteutval for oppvekst og kultur godkjende samrøystes innkalling og sakliste med tillegg av orientering.

Vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 13.03.2019

Innkalling og sakliste vart godkjend med tillegg om orientering v. Fauleiar Volda ungdomsskule.

PS 10/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 13.03.2019

Møteprotokoll frå forrige møte 30.01.2019 vart godkjend.

PS 11/19 Samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular

Handsaming:

Røysting (seks røystefore):

Med leiar si dobbelrøyst fall administrasjonen sitt framlegg med fire røyster. Rebecca Riise Bjerknes, Henning Holsvik og Eiliv Halkjelsvik.

Tre røysta for administrasjonen sitt framlegg. Anne Lise Fredly, Idar Flo og Anne Grete Eiken

Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 13.03.2019

Administrasjonen si tilråding:

1. *Drifta ved Vikebygda skule vert avvikla 31.07.2019.*
2. *Elevar som skal ta til i 1. klasse i sentrum vert frå 01.08.2019 fordelte mellom Bratteberg skule og Øyra skule.*



VOLDA KOMMUNE

3. *Bratteberg skule vil nytte Vikebygda skule sine lokale fram til 31.07.2021. Elevar som går i 3. og 4. klasse komande skuleår vil fullføre 4. klasse i lokala til Vikebygda skule.

Elevar som komande skuleår går i 2. klasse, vert overført til Bratteberg skule når dei skal ta til i 4. klasse.

Så lenge elevane nyttar lokala til Vikebygda skule, vil dei ha skulefritidstilbodet sitt der.*
4. *Viss situasjonen tilseier det, skal rådmannen vurdere om alle elevane kan førast over til Bratteberg skule på eit tidlegare tidspunkt enn skissert i punkt 3. Dette etter drøfting med FAU og SU.*
5. *Midlar til trafikkisikring kring skulen skal leggst inn i investeringsbudsjettet for 2020.*
6. *Skulemodulane som no er lagra ved Øyra skule, skal nyttast til utviding av kapasiteten til Bratteberg skule viss ein finn det naudsynt.*

PS 12/19 Volda ungdomsskule - Vidare prosess

Handsaming:

FAU-leiar ved Volda ungdomsskule, Morten Ottesen, hadde ei kort orientering.

Røysting (seks røysteføre):

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 13.03.2019

Med visning til saksutgreiinga, vedtek kommunestyret at følgjande skal leggst til grunn for den vidare planlegginga av Volda ungdomsskule:

1. *Kommunestyret gjer vedtak om at det skal planleggast med å bygge ny skule på same tomt som ungdomsskulen står på i dag.*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen om å planlegge den nye skulen med bakgrunn i dei funksjonane for skulen som er inkludert i foreløpig rom- og funksjonsprogram. I tillegg til areala for skulen, skal det planleggast med areal til mat og helse for Øyra skule inn i den nye skulen*
3. *Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i planlegginga*
 - a. *Areal- og energieffektive løysingar som gir god driftsøkonomi*
 - b. *Optimale sambruksløysingar mellom ulike funksjonar*
 - c. *Utforming som legg til rette for eit godt fysisk arbeidsmiljø for elevar og tilsette*
 - d. *Løysingar som gir grunnlag for ei god Pedagogisk plattform og fagleg utvikling for skulen*



VOLDA KOMMUNE

e. Fleksibilitet i bygningskropp og romstruktur

4. *Kommunestyret viser til saksutgreiinga og ber om at den nye skulen vert dimensjonert for 360 elevar.*
5. *Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for ein ny skule på tomta. Ved behov kan det leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.*
6. *Administrasjonen får fullmakt til å engasjere eksterne rådgjevarar for vidare planlegging innanfor dei økonomiske rammene som er løyvd i budsjettet.*

PS 13/19 Orienteringssaker

OS 14/19 Innkalling og referat frå møte i SU Vikebygda skule 24.01.19

Handsaming:

Referat frå møte i SU Vikebygda skule den 24.01.19 vart teke til vitende.

OS 15/19 Referat frå møte i Samarbeidsutvalet ved Bratteberg skule den 06.02.19

Handsaming:

Referat frå møte i samarbeidsutvalet ved Bratteberg skule den 06.02.19, vart teke til vitende.

OS 16/19 Referat Samarbeidsutvalet, møte 07.02.19 - Øyra skule

Handsaming:

Referat frå møte i samarbeidsutvalet ved Øyra skule den 07.02.19 vart teke til vitende.

OS 17/19 Referat frå møte i SU Volda ungdomsskule 31.01.19. Off. variant

Handsaming:

Referat frå møte i SU Volda ungdomsskule den 31.01.19 vart teke til vitende.



VOLDA KOMMUNE

OS 18/19 Samarbeidsmøte 21.01.19 - SU Engeset barnehage

Handsaming:

Referat frå samarbeidsmøte ved Engeset barnehage 21.01.19 vart teke til vitende.

OS 19/19 Referat frå SU-møte i Oppigarden 15. januar 2019

Handsaming:

Referat frå SU-møte ved Oppigarden barnehage 15.01.19 vart teke til vitende.

OS 20/19 Melding om politisk vedtak - Val av nye varamedlemer i kontrollutvalet

Handsaming:

Orientering om val av nye varamedlemer i kontrollutvalet vart teke til vitende.

OS 21/19 Melding om politisk vedtak - Økonomistyring 2019

Handsaming:

Tenesteutval for oppvekst og kultur tok melding om politisk vedtak – økonomistyring 2019 – til vitende.

OS 22/19 Orientering. Møteprotokoll 05.12.2018 - Ungdomsrådet

Handsaming:

Tenesteutval for oppvekst og kultur tek protokoll frå ungdomsrådet den 05.12.18, til vitende.

OS 23/19 Orientering. Møteprotokoll 16.01.2019 - Ungdomsrådet

Handsaming:

Tenesteutval for oppvekst og kultur tek protokoll frå ungdomsrådet 16.01.19, til vitende.



VOLDA KOMMUNE

OS 24/19 Orientering. Møteprotokoll 13.02.2019 - Ungdomsrådet

Handsaming:

Tenesteutval for oppvekst og kultur tek protokoll frå ungdomsrådet 13.02.19, til vitende.

Møtet slutt kl. 15.35

Rett utskrift,
Volda kommune,
sektor kultur og service
14.03.2019

Bente Kristin Krøvel
møtesekretær